

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 964968063

Namn på kommune AURLAND KOMMUNE

Adresse Vangen 1

Postnummer/-stad 5745 Aurland

Kontaktperson

Namn Kjell Bøe Bjørgum

Telefon 48193628

E-post kjell.boe.bjorgum@aurland.kommune.no

Innspel

Utfyllende merknader Uttale til regional plan for verdiskaping og kompetanse – planprogram

1. Generelle kommentarar

Fyrst av alt vil eg påpeika at dersom fylkeskommunen ynskjer å høyre kommunane så må dei gi kommunane ein reel høyringsprosess. Aurland kommune har ikkje hatt høve til å handsama denne uttalen politisk grunna den korte fristen. Ordføraren har derfor skreve uttalen på vegne av formannskapet og sendt den på ein veldig kjapp høyringsrunde til formannskapet for å sjekke ut at dei kan stå bak desse uttalen.

Det er overordna veldig bra at fylkeskommunen legg opp til færre planar som rommar meir. Men det gjer det også veldig viktig at høyringsprosessane blir breie og gode, også for planprogrammet. Det er viktig at planen tek omsyn til lokale føresetnader og problem.

Me blir bekymra over at begge planprogramma legg opp til sentralisering og regionalisering. Vår kommune har våre særskilde problem. Me er uroa over at fylkeskommunen gjennom

planarbeidet legg føringar som ikkje er tilpassa våre realitetar og som kan enda opp med å hindra utvikling. Verdiskaping skjer i heile fylket.

Me vil åtvara sterkt mot at fylket tek ein «overkommune» rolle. Plan og bygningslova er svært tydeleg på at fylkeskommunen skal ha ein regional planleggingsfunksjon. Den skal ikkje detaljstyre kommunane sin arealpolitikk eller ta over oppgåver dei ikkje har mynde til. Kommunane er sjølvstendig planmynde og kjenner best sine egne føresetnadar og behov.

2. Omstilling og konkurransekraft

Aurland støttar satsinga på omstilling og konkurransekraft og vil peike på behovet for å styrke lokal verdiskaping i distrikta. For vår kommune er det særleg viktig at planen fremjar utvikling av små og mellomstore bedrifter, reiseliv, landbruk og grøn industri. Me ber om at planen identifiserer og adresserer barrierar for utvikling i mindre kommunar, og at det vert lagt til rette for lokal energiproduksjon og sirkulærøkonomi. Aurland ligg langt framme på reiseliv, og kan bidra med mykje kompetanse på det området. Me er også i gang med ei omstilling til grønare reiseliv gjennom satsinga på landstraum i Flåm, og etter kvart å levera på «Destinasjon Flåm – ein energiHUB for framtidas reiseliv». Ein rapport me fekk laga saman med fleire partnerar, med mål om å identifisere, utvikla og anbefala realiserbare, innovative konsept for ein utsleppsfri destinasjon, med fokus på etablering av (felles) energiforsyningssystem for ulike transportmiddel.

3. Kompetanse og inkludering

Me støttar ei brei tilnærming til kompetanseutvikling, og meiner det er viktig å styrke tilbodet for både unge og vaksne. Fleksible og desentraliserte utdanningstilbod er avgjerande for å møte lokale behov. Me vil likevel understreka at no treng skulane og kommunane og regionane ein ting frå fylkeskommunen; forutsigbarheit! Det kan ikkje vera slik at det er nye omkampar om utdanningstilbodet kvart år, ref. prosessane med klassar og med samanslåing av skular, som har pågått gjennom sommaren og no gjennom hausten. Skulebruksplanen må ligga fast og ikkje bli gjenstand for stadige omkampar frå politisk eller administrativt hald.

4. Medverknad og lokalforankring

Aurland kommune set pris på at planen legg opp til brei medverknad. Me ber om at kommunane vert involvert aktivt og systematisk, og at det vert etablert gode strukturar for dialog og samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Lokal kunnskap og erfaringar må få plass i planarbeidet.

Avslutning

Aurland kommune ser fram til vidare samarbeid og ønskjer Vestland fylkeskommune lukke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing
Kjell Bøe Bjørgum
Ordfører

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning	Uttale til regional plan for verdiskaping og kompetanse - planprogram.pdf	0.12 MB
Relevante lenker		